

Pressemelding, måndag 8.januar 2007

Stor utbygging av breiband til Hyen

Gloppen kommune, Sogn og Fjordane Energi (SFE) og Telenor har underteikna avtale om utbygging av breiband til Hyen. Avtalen sikrar meir enn 90 prosent av innbyggjarane i Hyen breiband, inkludert skulen på Solheim. Utbygginga er ein del av satsinga Breibandløftet, som skal gi 37 bygdelag i fylket breiband. Samstundes får SFE lagt fiberkabel til sine to kraftstasjonar i Hyen.

Som ein del av utbygginga til Hyen vert det lagt ny fiberkabel frå Lote via Hestenesøyra og Hyen sentrum til Storebru. Avtalepartane deler på kostnadane ved legging av fiber og deler på kapasiteten når fiberen kjem i drift.

Stor dag for Gloppen!

- Dette er ein stor dag for Gloppen sidan dalane i Hyen no får den same tilgangen til internett som folk i resten av landet ser på som sjølv sagt, seier ordførar Anders Ryssdal. - Spesielt viktig er det for dei unge og verksemder. Difor er det ekstra gledeleg at utbygginga mellom anna sikrar breiband til elevane ved Vestre Hyen skule og at SFE får ei tilfredsstillande løysing på sitt behov for sikker kommunikasjon i Hyen, seier Ryssdal.

Breibandløftet

Samanslutninga Breibandforum har ansvaret for å samordne alle partar som er med på Breibandsløftet, både i form av pengar og kompetanse. – I dag blir breiband rekna som like viktig som utbygginga av telefoni og veg, seier Jarle Tvinnereim, nestleiar i Breibandforum. - Tilgang til breiband vil sikre busetnaden i mange utkantar, slik som denne utbygginga til Hyen. Denne konkrete utbygginga til Hyen har vore utfordrande sidan kostnadane er høge, seier Tvinnereim.

Spleiselag mellom private og offentlege

Utbygginga kostar i overkant av 6 millionar kroner og blir finansiert av dei tre avtalepartane, løyvingar frå DAA-midane (kompensasjonsordninga for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift), Staten (Høykom) og fylkeskommunen gjennom breibandmillionen. - Prosjektet vert realisert som eit spleiselag, og utan fordeling av utgiftene ville ikkje prosjektet kunne gi breiband til så mange av innbyggjarane som vi no klarer, seier Tvinnereim.

Telenor og SFE

Telenor løyser ei utbygging som er både svært dyr og komplisert, medan SFE får løyst sine kommunikasjonsbehov til kraftstasjonane Skogheim og Sagefossen i Hyen. Prosjektet koplar også saman SFE sine kontor i Florø og på Sandane med eigen fiberkabel, noko som er kostnadseffektivt.

- SFE er ein stor forbrukar av intern kommunikasjon mellom våre kontor og våre anlegg. Vi er avhengig av effektiv og trygg kommunikasjon, noko denne utbygginga gjev oss, seier Ole Schanke Eikum, direktør i SFE. - Det er ekstra hyggeleg at vårt kommunikasjonsbehov til Sagefossen kraftstasjon medfører at lokalsamfunnet rundt stasjonen og Vestre Hyen skule no får eit fullverdig breibandtilbod.

Sjøkabel til Hyen

Etter planen startar prosjektet opp no på nyåret ved at det vert lagt sjøkabel frå Lote til Hestenesøyra og vidare til Hyen. Målet er å vere ferdig med heile prosjektet innan juni 2007.

Fiberkabelen skal gå frå Lote via Hestnesøyra til Straume i Hyen, vidare frå Straume til telesentralen i Vestre Hyen, til SFEs kraftstasjonar Skogheim og Sagefossen og vidare til Storebru i Flora kommune. Ei sidegrein av fiberen vil gå frå Straume til Ommedal. Dei eksisterande telesentralane i Ommedal og Vestre Hyen vert bygd ut slik at kundane får tilgang til breiband.

For at bygda Solheim, inkludert Vestre Hyen skule, skal få eit fullverdig breibandtilbod vert det etablert ein heilt ny telesentral i Sagefossen kraftstasjon. Utan denne nye sentralen ville det ikkje vere mogeleg å utløyse skulen og bygda med breiband.

For meir informasjon, kontakt:

- Gloppen kommune: Ordførar Anders Ryssdal, tlf. 97706880, assisterande rådmann Jan Kåre Fure, tlf 57883828
- Telenor: Johnny Gjerstad, tlf 90614242
- Sogn og Fjordane Energi: Direktør Ole Schanke Eikum tlf 95048093
- Breibandforum: Jarle Tvinnereim tlf 90979336, Geir Liavåg Strand tlf 95191753

For meir informasjon om breibandutbygginga i Sogn og Fjordane, sjå www.it-forum.no

Fakta om Breibandløftet

Breibandløftet skal sikre breiband til 37 bygdelag i Sogn og Fjordane. Prosjektet blir koordinert av Breibandforum, eit nettverk under IT-forum Sogn og Fjordane. Breibandløftet er planlagt som eit spleiselag mellom 17 av kommunane i fylket, fylkeskommunen, næringslivet og Staten. I 2006 løyvde det statlege Høykom-programmet (www.hoykom.no) 8.2 millionar kroner i tilskott til utbygging av breiband i 37 bygdelag over heile fylket. Totalbudsjettet for Breibandløftet er 20.5 millionar kroner.

Prosjektansvarleg er Sogn og Fjordane fylkeskommune, medan Vestlandsforskning har prosjektleiinga.

Breibandløftet vil sikre utbygging av breibandkapasitet til desse bygdelaga:

- . Naddvik i Årdal kommune
- . Arnafjord, Feios, Fresvik, Vangsnes og Ovriddalen i Vik kommune.
- . Selseng og Årøy i Sogndal kommune
- . Borlaug i Lærdal kommune
- . Eitun i Leikanger kommune
- . Sværefjorden i Balestrand kommune
- . Undredal i Aurland kommune
- . Hestadgrend og Råheimsdalen i Gaular kommune
- . Ånneland, Opdalsøyra, Oppedal, Navdal og Verkland i Gulen kommune
- . Lifjorden i Hyllestad kommune
- . Ikjefjord i Høyanger kommune
- . Kvalheim, Husevågøy og Almenning i Vågsøy kommune
- . Tistam og Oldevatn i Stryn kommune
- . Årsheim og Kjødøpollen i Selje kommune
- . Hestnesøyra, Fossheim, Ommedal, Vestre Hyen og Årdal i Gloppen kommune
- . Hennebygda i Eid kommune
- . Berle, Botnane og Dombestein i Bremanger kommune